Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Tilleggsspørsmålnr. 5

Emne: Vassbering

Oppskr. av: Jon Skogstad

(adresse): Heimdal

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Leinstrand

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I a) Ja. b. Vasstre' c For det meste rett type, men mange gjorde seg så mykje for det at dei hadde uthuling for nakken.
Når vasstreet var omlag beint utan uthuling, kom treet gjerne litt på skrå med ei bøtte framanfor på sia og den andre tilsides attanfor ryggen.
Noko reim i vasstreet har eg ikkje set eller høyrd tale om. Det var anten vidjelenker med ein tre- eller jarnkrok eller (seinare) jarnlenker (delvis kjetting) med krok. Dette var festa i kvar sin ende av vasstreet.
Alt høyrde vasstreet til, noko namn på kvar einskild ting elles har eg ikkje høyrd.
Trebøttor gjekk av bruk når sinkbøttor kom i handelen for ein 60-80 år sia.

II Noko av dette veit eg ikkje har vore i bruk på desse kantar.

III Nei, men dei kunde sette ein stamp eller liknande på ein kjelke om vinteren.
Denne skuva dei framfor seg og stødde stampen med hendene. ~~No~~

IIII Helst kona eller tausa. Når mannen eller drengen var heime på garden, gjekk dei ofte

3353

etter ei vassferd eller to. Vatnet vart slegen i ein stamp i kjökkenet og auset derifrå i koppar og kar etter som ein trong.

V Dette brukest ikkje no utan einskilde tilfelle, men för var det vanleg både på större og minsre bruk (husmanns-plassar).

VI Ja, i vatslause vintrar köyrde ein vatnet lange vegar ofte. Mange gonger også i turre somrar. På släen sette dei eit stort kar. (Fjöskaret). og oppi karet låg bötta ein auste med, mykje av den grunn at vatnet ikkje skulde skvulpe over. Om somrane bruka dei delvis ein fustoje på ei fellvognaksel (bikkvogn)

VII I det store og heile er det no springvatn i kjökken, fjös og stall. Delvis også i kjellaren for avkjöling av mjölk m.a.

Ofte er det heile grender som har slege seg saman ~~til~~ eit „vasslag", og slike vasslag tek då vatnet langveges ifrå, ofte på kilometervis

3353

S. Tr.
Leinstrand

Jon Skagstad

3354

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Karet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Ukjent her.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel ? Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING